



Sudmann Gard & Maskin v/Roar Sudmann  
Hjelten 16  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/688 - 15/5163

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
12.03.2015

## Jordtipp på gbnr 1/1 på Flatøy

I DNT sak 156/11 av 05.04.2011 er det gitt godkjenning for vidare drift og ferdigstilling av jordtipp på Flatøy Gbnr 1/1. Fristen for ferdigstilling var sett til 01.04.2013.

I saksutgreiinga vart det med henvisning til kart over jordtippen oppsummert utført arbeid, og arbeid som gjenstår:

*Felt 1 Ferdigdyrka*

*Felt 2 Klar for dyrking, noko massar manglar i nedre del- 500-1000 m<sup>3</sup>*

*Felt 3 Manglar 500 m<sup>3</sup> i nedre del, klart for planering/noko ustabile massar*

*Felt 4 Manglar 1000 m<sup>3</sup> med stein og stabile massar for plastring og 4000-5000 m<sup>3</sup> jordmassar til toppdekke*

*Felt 5 50% av steinmassane er teke ut, 7500-10000 m<sup>3</sup> jord og fyllmasse for tilbakefylling*

*Felt 6 Landbruksveg, 50 % ferdig, 150 m veg gjenstår.*

Slik det går fram av saksutgreiinga og DNT- vedtak 156/11 gjeld godkjenninga:

Felt 2 Dyrking, og påfyll av det som gjenstår av massar i nedre del 500-1000 m<sup>3</sup>

Felt 3 Påfyll av 500 m<sup>3</sup> massar i nedre del, deretter planering/sikre ustabile massar?

Felt 4 Påfyll av 1000 m<sup>3</sup> med stein og stabile massar for plastring, samt påfyll av 4000-5000 m<sup>3</sup> jordmassar til toppdekke

Felt 5 Uttak av resten av steinmassane. Påfyll av 7500-10000 m<sup>3</sup> jord og fyllmasse.

Felt 6 Ferdigstilling av det som gjenstår av landbruksvegen (150 meter).

Vedtaket gjekk ut 01.04.2013. Tiltaket må omsøkjast på nytt. Og det må gå fram av søknaden kva som no er ferdig, og kva som gjenstår.

Meland kommune var i møte med Sudmann Gard § Maskin i april 2013, det blei då drøfta mulighet for forelenging av frist for ferdigstilling. Av brevet som blei sendt ut i etterkant av møtet går det fram at tiltakshavar skulle då senda inn søknad om forlenga frist, der det blei vist vurdering av /plan

for korleis dei arbeida som enno står att, skulle gjerast ferdig. Kommunen purra på søknaden i skriv 25.05.2013 og administrasjonen kan framleis ikkje sjå at det er mottatt søknad frå Dykk.

Roar Sudmann var i samtale med Laila Bjørge og Merethe Tvedt i februar 2015, hans ønske var å få ferdigstilt jordtippen, og vidare korleis dette kunne løysast på best mogeleg måte.

I møtet blei det diskutert byggearbeidet Implenla har på Flatøy, og at dei treng å kunne plassere masser no i byggjeperioden utan stopp. Byggesak kan ikkje forlenga eit byggjeløyve som er gått ut. Tiltakshavar fekk muligheten i 2013 til å senda inn ny søknad med ein redegjørelse på kva som no gjenstår og kva som er ferdigstilt. Det er ikkje gjort.

Om det skal søkjast ny dispensasjon har administrasjonen drøfta saka og kjem fram til at: Ny dispensasjon er ikkje naudsynt denne gongen, men sjølv tiltaket må omsøkast på nytt. Dette må bli det endelege vedtaket for jordtippen på Flatøy, og kan ikkje forlengast.

Vurderinga er gitt på grunnlag av at kommunen er interessert i å få jordtippen ferdig. At ikkje tippen vil liggja som eit sår i landskapet, med fleire felt som står uferdige.

#### Mellomlagring av massar frå vegutbygging:

Sjølv mellomlagring av massar på Dykkar jordtipp kan unntas søknadsplikt med heimel i *Plan- og bygningslova § 20-3 bokstav f*, då tiltaket vil vera i direkte tilknytning til anleggsarbeidet til Implenla. Det blir vist til *SAK 10 § 4-2: Unntak for plassering av særskilt bygning, konstruksjon eller anlegg a) Bygningar, konstruksjoner eller anlegg på eller i direkte tilknytning til bygge- eller anleggstomt hvor arbeid pågår.*

Unntaksbestemmelsen fritar likevel ikkje omsynet tiltakshavar har til naboar/gjenboar. Det blir vist til *Pbl § 30-5 Hensyn til naboar.* Naboar/gjenboarar ikkje skal vera negativt berørt.

Vi ber om at Dykk begrunna ut i frå unntaksbestemmelsen at tiltaket kjem inn under denne unntaksbestemmelsen, og kommunen vil vurdere saka. De må gjere greie for omfanget av mellomlagringa som er tenkt, kor den skal plasserast, og over kor langt tidsperspektiv m.m.

Før kommunen har tatt stilling til/godkjent tiltaket skal det ikkje mellomlagrast massar frå Implenla på jordtippen.

#### Ferdigstilling av jordtippen

Jordtippen må omsøkjast på nytt, de må opplysa kva som er ferdig og kva som gjenstår. \_Ut i frå at Dykk vurderer å gje Imlenia løyve til å mellomlagre på Dykkar jordtipp, medfører det at jordtippen ikkje vil bli ferdigstilt til same tid som først var tenkt. Dette må gå fram av søknaden, saman med ein framgangsplanen som viser tidsperspektivet for alle felta med planlagt ferdigstilling.

Vedlagt ligg godkjent situasjonskart over jordtippen frå 2011

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
godkjent situasjonskart 2011

**Mottakere:**

Sudmann Gard & Maskin v/Roar  
Sudmann

Hjelten 16

5918

FREKHAUG